

**PROTOKOLL**  
**MØTE I UTVAL FOR NÆRINGS- OG SAMFUNNSUTVIKLING**

**Møte:** 3-2016  
**Tid:** Onsdag 21. september kl. 12:30 – 16:30  
**Stad:** Hagellia Matstove (Dampen) - Knarvik

**Til stades:**

<b>Medlem:</b>	Hallvard Oppedal - leiar, Jarle Skeidsvoll - nestleiar, Per Lerøy
<b>NUI:</b>	Bent Gunnar Næss
<b>Andre:</b>	
<b>Forfall:</b>	

(utvalet deltok på markeringa til NHIL sin markering av endring av namn til Nordhordland Næringslag – frå kl 13.30 – 15.30)

<b>Sak 13/16</b>	<p><b>Godkjenning, møteinnkalling og saksliste</b></p> <p><b>Vedtak:</b> Møteinnkalling og saksliste vart godkjent utan merknadar.</p>
<b>Sak 14/16</b>	<p><b>Orienteringssaker</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Status for arbeidsledighet, sysselsettinga og skatteinntektene for kommunane i Nordhordland. Skatteinntektene i Nordhordland har ein lågare auke enn gjennomsnittet for landet, med unntak av Gulen. Heilt ledige i % av arbeidsstyrken er ved utgangen av august på 3,4 %, noko som er litt høgare enn for landet.</li> <li>• Status for skulebruksplan i fylket Skulebruksplanen skal vedtakast av fylkestinget sitt møte 4. – 5. oktober. Det ser ut til å gå mot positive vedtak for Austrheim vidaregåande skule og Knarvik vidaregåande skule.</li> <li>• Status for interkommunal nærings- og samfunnsplan Region Nordhordland Styringsgruppa skal ha møte i neste veke og etter planen skal den leggst fram for Regionrådet i neste møte og vedtakast der.</li> </ul> <p><b>Vedtak:</b> Næringsutvalet tok orienteringane til etterretning. Næringsutvalet ser behov for at det vert jobba målretta for å få ned arbeidsledigheten i Nordhordland og få til auka sysselsetting.</p>
<b>Sak 15/16</b>	<p><b>Høyring – Utgreiing om Ringveg øst og E39 nord i Åsane</b> Statens vegvesen har 24.08.16 sendt utgreiing om Ringveg øst og E39 nord i Åsane med tilråding på høyring. Høyringsfristen er 18. november. Næringsutvalet diskuterte den utgreiinga som er sendt ut. Næringsutvalet ser det som svært viktig at det vert valt eit alternativ mellom</p>

	<p>Nordhordlandsbrua og Åsane som gir ein framtidretta løysing og som kan realiserast raskt.</p> <p>Det må takast dialog med Bergen kommune om kva som er mest realistisk alternativ og om statleg reguleringsplan synes å vere aktuelt sidan dette er ein viktig parsell av E39.</p> <p>Næringsutvalet reknar med at saka vil bli tatt opp i Regionrådet sitt neste møte. Næringsutvalet kan jobbe vidare med uttalen i neste møte etter innspel frå Regionrådet.</p> <p><b>Vedtak:</b> Næringsutvalet tek saka opp igjen på neste møte.</p>
<p><b>Sak 16/16</b></p>	<p><b>Meldingar og eventuelt</b></p> <p>Neste møte i Næringsutvalet er i utgangspunktet bestemt 27. oktober på Osterøy med besøk hos Tysse mekaniske verkstad. Det møte vart flytta til 8. november. Vi får omvisning hos Tysse mekaniske verkstad og orientering frå industrilaget.</p>

Knarvik , 21. september 2016

Halvard Oppedal  
Leiar  
Utval for nærings- og samfunnsutvikling

Bent Gunnar Næss  
Prosjektleder  
Nordhordland Utviklingsselskap IKS